

Emnenr. 71.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Giftedig ungdom.

Oppskr. av: Didrik Mjølhus

(adresse): Sandve.

Fylke: Rogaland

Herad: Skudenes

Bygdelag: Sandve skulekrins

Gard: Vikra. Sandve, Mjølhus

G.nr. 33-34 Br.nr. 6. fl.

- og Hillestrand og Syre
(gn. 38)

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eller det som er fortalt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Dersom eg skal svare på dette (på noen av spør. a) må

eg gjera det med det SVAR same - utan å spørje andre. - Gamle folk på bondebygda vil helst ikkje leggja sitt liv frå ungdomstida ope for andre heller. -

1. Det kverste ikkje vera same bygda eller sokna!
2. Foreldra ville helst ha dottera (sonen?) gift i same bygda eller i ei av næraste grannebygdane. Men ikkje alltid gjekk det så.
3. Tidlegare var det sjeldnare enn nå at noen vart gifte over i eit anna sosialt lag.
4. Ja, i gamle dagar. Men det har vissn aldri vore stor skilnad på sosial stand (2) på Karmøy. Nokk skilnad var det her og mellom ein bonde med stor gard og ein "strandsitjar" - ein "fatiglem" - ja, det galt både soner og døtre. -
5. Ja, nar det var velstandsfolk - bonde "adel" (3) var det nokså vanlegt.
6. Ja, oftast. Døtene (og sønene) skulle sjå etter dei som hadde: "stor gard og kvite hus!" - Ei gammal kona som nå er 97 år fortalde meg for ikkje mange år sidan at ein gardmannsgut, odelsgut, med bra gard, tok ut på friarveg, til ein bonde med endå større gard for å

frå gjennom han - til dotter hans. Han, fruene, var ikkje så "høg i hatten", og han stod nedfor steintrappa på framsida av huset til storbonden, medan bonden sjølv stod oppe på trappa og i stor sjølvryddnad gav han seg tid med å svare. - Men dette var nå litt sjeldan hending kanskje. Bonden var rik, og dei kalla han "den store mannen på Silleland." - (qdm. 48)

7. Ja, nå har eg, under 6. spm.) gjere eit døme. Denne bonden, Elias Larsen Silleland, var fødd år 1750. -

Det var nok vanlegt på dei tider av Løv-Karmøy at i denne saka var det foreldra (faren) som avgjorde brudvingar - og ekteskapet. Barna måtte gifta seg med syskenbarn, helst berre det, ei tid, anten dei var glad i dei eller ikkje.

Dette gjeld must berre ei velstands-att, ei sterk og enerik att som var innflytta frå Hardanger og hadde gjere fedre i mange slett bakover. - Men det var då slett ikkje berre i denne saka det var slik. At foreldra avtala giftarmål mellom barn som ennå var små, er brud, men eg har ikkje høyr om noko døme på det.

8. Slike kjemmer eg ikkje av omtale som noko slag planlegging; ein og annan gong har det hendt, men sjeldent. -

9. Ja, sjå overfor: store gardar, god att.

10. Folk gifta seg ikkje ofte for heller med syskenbarn, men eg kjemmer døme på at det var gjort, sjølv om vedk. ikkje var vinga av foreldra.

11. Det kann eg ikkje svare noko visst på.

12. Ja, det har eg også høyr døme på. 14437

13. "Ikkje nell det med lagnaden (fatalisme?)
men dei kunne ikkje venta å bli " mors
og fars kjæraste barn". Og når faren, ved
sonens giftermål, skifte ifrå ein gardpart,
så fekk gjerne ein slik ulydig son den rim-
gaste parten, ~~den minste parten.~~

Dette siste har eg høyrst om "den store
(bonde-) mannen."

14. Det kjenner eg for lite til. Eg kjenner
til eit tilfelle, ei jente i 19-årsalderen
var blitt glad i ein enkjemann som var
20 år eldre. Ho hadde sver indre kamp, for
mora var imot. Ho ville finna "hjelp og
støtte"; det fekk ho av mora og ein annan
"kruande" mann. Ho er tikkelt gift. -

(13. Nei! eg veit fleire døme på at det
ikkje "gjekk vel" med dei barna som lydde
foreldra: eit ekteskap førde til skilsmåle,
ei anna førde til utanskap o. s. b.)

15. "Ikkje frå mi tid.

16. Ei frasegn frå ca 100-150 år tilbake
som er humoristisk og litt "batterleg".
Faren, bonden, ville ikkje tillata sonen,
odelsgutten, å gifta seg med den jenta
som han hadde fast fylgje med. Det var
ei fin og grei jente, men ho var av folk
som ikkje hadde noko". Gutten kom ingen
veg med faren. Til sist fekk han lov til
å be jenta med seg heim. Du får må
sjå henne og lera å kjenna henne; du veit
ikkje kva menneskje ho er (meinte han).
Jenta vart vel mottatt og vart beden
til bords. Og då ho var gått, hadde
faren fått eit godt inntrykk. Og grunnen
til det: "ho åt så fint av smøret!!!"
Faren gav etter; gutten fekk gifta seg.

17. Ja, ja. Og husmann og smafiske arar

18. Ja, så langt tilbake eg kan hugsa. Vend.

Mormor mi, enkja, f. 1814, gifte seg med
 ungtar, mofar, f. 1809 og overtok gard.
 Det med "atlegifte", (Jan Lars er atlegifte)
 var vanlegare fir; levealderen kortare.

19. Det høyrer helst til tidlegare år, då vel-
 standen ikkje var så vanleg.
 For eit par manusaldrar sidan var det
 ei gjenta som hadde tent ~~sent~~ i 22 år
 på ein gard. Då gifte ho seg på gran-
 negarden med ein bonde som hadde vorte
 enkjemann (ingen så nok om det) For
 dei pengane ho hadde lagt opp, kjøpte
 ho ei meir til mannen sin. Og den
 kosta huleg så ~~no~~ mange dalar som
 heile løna hennar i 22 år. - (ca 50 dalr)
 Det var meir enn ein kommode (2)

20. Det slag varsel kjenner eg ikkje.
 21. Heller ikkje det. Då må ein lenger tilbake
 i tidar.
 Ovkun er her lite av på desse kantar^{må} men
 segner finst her.

22. — — — — — "folkesnakk."
 23. Ja, dei var redd " — — — — —"

II

Nattefyring.

24. Slutt? Den har vel berre fått nye
 former.

25. Disse orda var ikkje i bruk mellom
 ungdomen; visst heller ikkje mellom
 eldre. — Eg høyrde ordet frå preike-
 stolen ein gong bispfen hadde veditas her,
 då for eg var vokren. Han åtvara mot
 "natteoperi" og så der "sedeløse tilstand
 var bed her i Falnes menighet." - 14437

26. Ein friar, helst når det er om dagen,

er vel ute i lovlegt ørend.

I min oppfatning er det forskjell på ein nat-
tefuar og ein nattelaupar. -
Nattelauparen er (?) ute på "syndige vegar".
Fuaren er ute for å sala, samtala, med
den eine, men nattelauparen taler til
den og svart den. - "Ja, etter den alv-
lege måten bispen så det på, gjekk eg
ut frå at det var å liggja med jentens,
helst med kvon som helst. -

27. Dei var stundom mange ilag. På
ettermiddagen, når det nye høyet var
kome inn, var det ofte ein ungdoms-
flokk i "dotten". Eg er av dei få som
aldri var med på det, men etter det
eg høyrde, så låg dei parvis i høyet, gut
og jente. Noksa uskyldigt sidan dei var ^{mange}

28. Dei måtte vera vaksne, gutane. Stun-
dom var det ei jente som ikkje var
konfirmert, som var med; men fekk
folk høyra det, så var ho ein "fal"
jenteunge.

29. sest frå same grenda.

30. Klasseforskjel i så måte kjenner eg ikkje
til.

31. Nei, men helst laundags- og søndags kveld.

32. Kom det guttar frå andre grender i
ungdomsflokkane, kunne det bli slapp-
mål. Sjeme under vassildfiske, når
det kom fiskarar, stundom heilt frå Nord-
land - hit - på vassildfiske

33. Ja, i mi tid gjorde dei det.

34. I ja m. 31. !

35. - - - !

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

36. Nei.

37. 2/ 38. Det har eg høyrte. 14437

39. Eg veit ikkje kva visa eller vers som
var brukt i dei "slike høve".

40. "Heimenn om eg ville jenta mi så ille, at ho
kunne liggja me' netts kin hu ville." Vond.

Eit anna vers om "ligging." "Fórr vill' eg 6
liggja med óykjer og svin, fórr eg vil liggja
med slig'et udryt nássa (reisa) den gro...
myrs-jento (-jenta). Det var ikkje så fint;
eg hóyrde det i 11-12-årsalderen, og det er
vist ingen andre levande - enn eg, som
kjenner det. (Ja: ^{la ga:} i. er garden grønemyr,
der bu'kje folk ná) -

Eit vers av ei anna visa synest eg
er finare: "Udi ungdommens år udi
blomstrende vár dá vi gave hverandre
våre hjerter; vi var begge so så glade,
dá vi hos hverandre sade, at vi glem-
te all jordiske smertur." - (Eg hadde
skilsterhjerne "ombent, dá eg var ung,
så desse prøvene er korrekte sjøer ^{an}
eg aldri har skrene dei for her ná.

- Hvor gong dette verset kjem fram
i minnet, synest eg at eg ser desse
so glade ungdomane!

(40) 41. Kanskje dette verset, som eg hóyrde
dá eg var gut på 6-7, ell. 8 år gl.?
kan seia noe, go eit soa:

"Dá eg sto nd på friarveg, dá va' de
kje vonda i vejen, hu gamle mormor
mótte meg, hu va' både gla' og fejen!"

42. Det veit eg ikkje, eg har kje hóyrde;
men eg kjenner ein nitt som eg hóyrde
i 20-årsalderen. - Kvinnens vosen er
hengivelse, hvis form er motstand. ⁽²⁾
Some erbare jenter let ikkje ^{opt} i det heile!

43. Bon - bon. - Tebermyntekaker.

44. Manglar røynde. - Men at dama
som har sett pris på mitt besøk (vitjing)
skundar seg og kokar kaffi.

45(?) 46(?) Ja, i seinare år, idag, bli
guten hjå kjærsten sin heile natte, 14437
når dei er tulova.

Den enkle mattefireren.

47. I ja svarer, m. 46.
48. I ja, i all löynd, frå först av.
49. ja.
50. Det avheng av kor lang brulovingstida varer.
51. (?) små billege ringar o. m. a.
52. Andre ungdomar, kven som helst.
53. Sprøtte - og laga - ein veg - sand eller bar - lauv.
54. Some var så redd for slikt at dei våga ikkje å vera saman om boel den og nettere i men måttast tilfelle om dagen - på veg eller kaj, i bryllup eller tilferte, eller "utflukt" (utford)
55. (?)
56. Dei var nok ofte rekna for - om dei ikkje ennå var.
57. Særdrift er her ikkje på Karmøy. Men eg høyre då eg var barn (gutunge) at gutar kunne gå tilmøtes med stolsgjentene når dei kom frå stolska med mjølkebytta, og fekk drikk av "stolsmjelk" av bytta. — — —

III.

58. Det har eg ikkje sett mykje av.
59. Nei! Møteholdsrøsla saman med slange - røsla og seinare total-fråhaldsrøsla gjorde dette umogelegt.
60. (?) 61. (?) 62. Eit smil og venlegt blick var vel nok, då som nå?
63. (?) Nei. — 64. Nei (?) 65. Nei.
66. Aldri nær kyrkja, — utan når det var bryllup nær kyrkja. —

67.

Boyllaup og gravferd, julelag

68. Nei, men stundom var det så. Sei har ikkje alltid same emnet for samtale, da interessa er ofte noko ulike. Men ved bordet og i dansen!

69. Har aldri høyrte om lutdraging.

70 og 71. 72. 73. Ukjent av meg.

6. - - - - -

74. Nei. 75. Ykke i mi tid, i ca 70 år.

76. Jar. 4 Stavanger.

77. Det var så ymse slag gaver, noko stunde og noko "slitande".

78. Det må vel kallast samskotslag når mannfolka i bygda, helst dei unge gutane, "spleiste" til eit annet brennevinn til jul. - Brennevinnet vart delt for jul, og 3. juledag begynte ungdommen å gå frå hus til hus og smaka på det stuke. gjentene var med i laget.

Dans var det også. Men dei drakk seg helot så fulle at dei ikkje kunne dansa. -

79. julelag. Spleiselag.

D. - - - - - ~~saman m. eldre~~

- - - der ungd. var - - -

80. Nei. 81. - 82. -

83 - 84. - 85. - - - - -

14437

88. Jonsokbål - med moro!

90. Høyde ei eldre kvinna fortelja kor morosamt det var då ho var ung, - nå for ca 100 år sidan (ja eg var ca 12 år (nå 77) ho var gammal då) når store ungdomsflokkar frå

9

alle bygdene her sør (Folnes sokn i Skudenes h.) hadde tur til Koparvik-kyrkja, alle til hest, reid; med sal på hestane, - dei små sterke Skudneshestane. Gutane sat tilskrens i salen, egentene med begge ^{beina} på ei side av hesten. Eit langt tog av ryttaarar. Når hestane kom for nær kvarandre, kunde det at dei reiste seg på bakbeina, - "steila", og da galt det å halda seg fast i salen, så ho. - Det var berre ein gong om året den turen; han hadde også ein fast dag, ein sund dag - 10 de sund dag etter trening.

(da var slåtten undungjort, og all høyet skulle vera kome i lóa. - Dei hadde då fleire timar der nær før dei tok på heimveg, ei lagleg tid å verta kjend, få nye vener og - eller - veninner.

- 91. Ja, ved St. Hans-bålet.
- 92. Nei! men noen eldre folk var med i danselaget.
- 93. Ja, det var vanlegt, om kveldane.
- 94. Stelst på vegane. Det var liten trafikk då. - Til å begynna med gikk egentene i ein flokk, gutane helst i ein flokk etterpå, som "kvalen eller silda."

b. Om vinteren.

- 95. Dei som vil vera samman, finn også høve til det. Dei sa om ein ungdom at "han var med i laget", også før det var skipa ungdomslag. - Trivar-tilfjells om sommaren, eller båtturear til

holmar på bærrebanking eller fisting, ^{10.}
ein marknadstur til Stavanger (ca
4 mil sjøveg)

95-96. Kjenner ikkje til kveldseter!

Dei har nok vore heilt tilfeldige: ^{70. år.}

Ein flokk Skudenes-ungdom kunne
ta ein kyrkjetur t. d. til Bokn, som
før var annetas til Skudenes.

Eller møttok dei ofte på kyrkjevog
her heime. Og ungdomar frå andre
sokn gjorde turar til Falmeskyrkja ein
sundag.

97. Nei? 98. På løven, der dei kunne
ta ein liten dans eller litt leik; det
har eg sett på for nær 70 år sidan.

99. Ein av leikane: "Selja lernet", kull-
sår eg frå den, og andre "stille" leikar.

Ringlekar, med songskaper til: "Du
er vennen min, den beste, som mitt
hjerke kunne feste. Ja uti livet og uti
døden den beste." Og fulluftleikar:
"Siste par ut." og andre.

100. Dansemoro på sykehus kjenner ein.
Det var visst ingen fast leidar. ^{til.}

101. Rydding (i utbus) helst gutane,
i stovethus: Rydding og matstell, av
jentene var eg.

102. Den som var kjend med han.

103. ? — 104. Det var slutt med felle-
spel v. dans i min barndom, helst
lenge før. — Langerøisla og pietismen!
Dansen var blitt meir syndig enn før.
Og fella kom kjø til heider igjen for seinare.
Med trekkspillet kom det meir fast i dansen
igjen.

14437

105. Slik som ungdomen gjekk til kyrkja for å mótast: så gjekk dei på samantromster. I d. då f. Frelsesarmeen var ny i Skudenes og hadde fått lokale i Skudeneshamn, gjekk ungdomen dit, fylte huset, laga bråk, og fann gjensyflige i det var det dei gjekk for. Men det var det slutt med då dei fekk ungdomshus og ungdomslag.

107 sel 106

106 - 7. 2. Same foreldre var svært strenge i 1860-80-åra. Eller ut händåret.

108. Standsskildern frå før er mest borte på landsbygda - nå.

109. Far, helst av religiøse grunnar, også av økonomiske

110. Det var mykje vanlegare enn nå at born måtte retta seg etter foreldre.

Tilsvist litt av ei historisk hending frå førstningars av 1800-åra. Eg har fått hennel av kyrkjensongar styler i Sanda. Ei jente frå Sand i Ryfylke, Tjerands-Brita, f. 1795, ~~var~~ varte som sektergjente, men rømte ei søndagsnatt - stal ein båt og rodde utover og kom til Tysvær. Kom seinare til Skudenes. -

Ho fortel (siste delen av saga): "Eingong var eg med ein flokk ungdomar til Kammøy og var kjend med odelsguten på Lyre, som eg seinare var gift med, og nå sit eg her som følgekona på garden." // 80-årsaldan.

Det trong ikkje vera kortje søskenbarn eller gard-gjenta der på Lyre! 14437 Og slik var det vissst for det meste (?) på Kammøy.

Git anna dōme:

En jente frå Tastad, v. Stavanger, f. 1770,
vart gift med gbr. på Lyre, f. 1771.

Korleis ho kom hit?

Skudenesfolk hadde pr. båt, robåtar,
samband med Stavanger; dei skulle
handla. Men mange reiste til Stavgr.
for å finna seg tenestgjenta.

Ordet "Tausamarken", har vore brukt
i tidlegare år - - om haustmarknaden i Stavanger.

Summe av desse "Tausene" (helst av
nyfyllte) vart også gifte her på
Karmøy. - (Taus = tenestegjenta)

- Dette var litt om korleis dei "fann
ein a'n."

23. mai 1923.

Didrik Mylhus.

IV Yuletråd.

Dette kan eg ikkje svara på.

Men kanskje eg har liggjande
andre spørjelister som eg kunne
svare noe på, om eg får tid.

D. S.

Dette er nok frå-seg-gjort i ein fart!
Skriv og spør meg dersom det er noe punkt
De svart gjerne vil ha mein opplysning om!

D. S.